



Bjørg Orlaug Mellingen Hole
Hellandsvegen 458
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6951 - 20/15747

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
20.03.2020

Registrert feil og manglar i septiktank - gbnr 498/38

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 498/38
Tiltakshavar: Bjørg O Mellingen Hole

Alver kommune har den 10.03.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved siste tømning vart registrert at utløpsrøret i septiktanken på eigedommen din er øydelagt. Dette fører til at overvann og slam renn ut på utsida av tanken. Når slam frå tanken renn ut i grunnen, kan dette føre til forureining og til fare for at menneske og dyr vert sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensingslova § 7.

Tilstanden må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til 30.04.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finst andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbeta ein avløpsleidning må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføra arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Riise
rådgjevar
Miljø og tilsyn

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Bjørg Orlaug Mellingen Hole

Hellandsvegen 5939
458

SLETTA